



Kjell: talet på røystestader må reduserast på grunn av kostnadane

Det er store meirkostnadar som krev at talet på røystestader vert redusert Ein viss uro har oppstått om røystestadsaka også i vår bygd då det vart klart at vi må røysta i Rosendal denne gongen. Det er berre 4 røystestader i kommunen ved valet i september.

Det vert frykta mindre oppslutnad og spesielt problem for eldre veljarar. Imidlertid er det justerte retningslinjer som ligg til grunn. Det har med data og ein innfløkt situasjon å gjera. Vedtaket om så få stemmestader er fatta av kommunestyret.

Avtroppande formannskapsmedlem Kjell Yri forklarar situasjonen slik for uskedalen.no:

- Det er nye retningslinjer frå regjeringa som er lagt til grunn og som har å gjera med data. Med framleis gjennomføring av dagens opplegg ville det verta ein stor meirkostnad til opplæring av personalet og dei midlane treng vi sårt til andre føremål,

Eg har full forståing for dei som reagerar, men slik er altså stuasjonen, Det skulle imidlertid skulle ikkje behøve å oppstå noko stort problem.

Allereie no kan ein røysta på førehand i Rosendal og det vil heller ikkje vare lenge før eit nytt røysteopplegg vert gjennomført, på landsbasis varslar Yri.

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mahisen